

- * Solfylket Vestfold
- * NVE: Tre støttetilsagn til solenergianlegg
- * Solvarme: Status viktigere enn pris

- * Solar Energy Journal Online
- * Redusert driftsstøtte
- * Nytt telefonnummer: 22 43 61 42

Solgløtt

Nyhetsbrev fra
Norsk solenergiforening
Årg. 2 Nr. 4 August 2000

Satsing på solenergi i "Solfylket Vestfold"

Enøk-senteret Vestfold tok denne våren initiativ til et nytt prosjekt kalt "Solfylket Vestfold". Sammen med aktører fra fylkeskommunen, KS og Destinasjon Vestfold vil de arbeide mot visjonen om at Vestfold skal bli det fremste solfylket i Norge.

Tanken er å forene interesser for reiseliv, næringsutvikling og alternativ energi, og prosjektleder Håkon Skatvedt mener forholdene ligger godt til rette for dette.

-Fylket har god solinnstråling og et mildt kystklima. I tillegg er bærekraftig energi, et av de vedtatte satsingsområdene i ny fylkesplan 2000-2003. Dessuten har Vestfold landets eneste solfangerprodusent, Solarnor, forteller Skatvedt. At Enøk-senteret Vestfold har kompetanse på solenergi og kan vurdere prosjektene, er også med på å styrke prosjektet.

Solfylket Vestfold har allerede oppnådd resultater. Et av de viktigste målene var å realisere minimum ett nytt solvarmeanlegg. Etter enøk-analyser fant man seks ulike prosjekter der solenergi ble ansett som en godt egnet energikilde. Alle disse søkte om midler gjennom varmeanleggs-ordningen og tre av disse har nå fått tilsagn om støtte; et sykehjem, et hotell og en campingplass. Støtten fra NVE øker naturligvis mulighetene for realisering av solanlegg i fylket.

En av søkerne, hotelldirektør Mike Lauritz Bugge i Rica Havna Hotell på Tjøme, mener solenergianlegget kan bidra til hotellets miljøprofil.

-Dette er gledelig og kan bli et ledd i vår miljøsatsing. Vår motivasjon er dels begrunnet ut fra miljøhensyn og dels for å redusere kostnader, sier hotelldirektøren, som imidlertid understreker at det ikke er tatt noen endelig avgjørelse om det skal bygges solanlegg. Dette blir gjort i forbindelse med Ricas sentrale budsjettbehandling i oktober-november. Han tror imidlertid at et solanlegg kan bli positivt mottatt av kundene.

-Det er gjort undersøkelser som konkluderer med at miljøhensyn ikke er avgjørende for valg av hotell. Vi får

imidlertid signaler fra både privatkunder og bedrifter om at dette blir viktigere og at miljøfaktoren er noe vi må ta tak i. Et solenergianlegg er også så spesielt at jeg tror det er noe kundene vil huske, og som gir et pluss i vurderingen av hotellet, sier Bugge.

I tillegg til dette har Solfylket Vestfold arrangert befarings på Klosterenga Økologiboliger for mulige "solutbyggere", og det har blitt satt fokus på solfylket gjennom medieomtale.

Enøksenteret ønsker å etablere "Solfylket Vestfold" som et flerårig samarbeidsprosjekt. I høst vil de dessuten forsøke å få i gang solprosjekter i skoleverket i Vestfold.

(Ø. Hansen, Enøk-senteret Vestfold)

NVE: Tre støttetilsagn til solenergianlegg

NVE har behandla 174 søknader om støtte til varmeanlegg. De ulike prosjekta søkte om til saman 546 millionar i støtte, medan det tilgjengelege beløpet i tilskuddsordninga var på 85 millioner kroner. 35 prosjekt har fått tilsagn om støtte. Mellom desse er dei tre solvarmeanlegga i Vestfold som er nemnt ovanfor. Dersom alle dei 35 prosjekta som er gitt tilsagn, blir gjennomført som planlagt, vil dette føre til utnytting av fornybare energikjelder på rundt 97 GWh (~ 0.1 TWh) per år. <http://www.nve.no>.

Tidlegare er det berre større varmeanlegg som har fått støtte gjennom Varmeanleggsordninga, men offentlege støtteordningar må ikkje bidra til kunstig konkurransevriding mellom teknologiar som konkurrerer på same marknaden. Det er difor positivt at NVE endeleg gjev rom for å støtte mindre varmeanlegg, og dermed inkluderer solenergianlegg. Norsk solenergi-forening meiner dette er ei viktig og riktig utvikling i forvaltninga av Varmeanleggsordninga.

(RJA)

Sverige: Status viktigare enn pris

Sosialantropologen Annette Henning har i doktorgradsavhandlinga "Ambiguous Artefacts" frå Stockholms universitet, analysert folk si haldning til solvarmeanlegg og solkollektorar. Ho konkluderer med at større bruk av solvarme i Sverige ikkje lenger handlar om produktutvikling, men om betre tilgang, kunnskap og om aktørane sine økonomiske ressursar. Aller viktigast er det likevel å styrke legitimiteten og sakte aukande statusen som solvarmebransjen har bygd opp gjennom snart tre tiår. Staten har ei viktig rolle i å sikre at den kunnskapen og dei bedriftene som er oppbygd ikkje går tapt.

Solfangarar er sterke miljøsymbol og har ei positiv verdiladning, men i solfangarane blir kulturelle forestillingar om solskin, teknikk og energi kombinert på ein slik måte at det reduserer truverdet til denne teknologien hos ein del menneske.

Folk som er usikre på kva naboar og venner vil seie viss dei installerer solkollektorar på taket har ein tendens til å overbetone sine økonomiske motiv for å la vere. I denne samanhengen blir konkurransesituasjonen for solvarme-bransjen overfor el- og oljeselskapa ofte vanskeleg.

Henning meiner det er viktig å etablere ei stabil tru på solfangaren som moderne, påliteleg og effektiv teknologi.

<http://www.info.su.se/Aktuellt/Pressmeddelanden/PmView.asp?PmID=310>

Drivhusgassar frå vannkraft

To internasjonale rapportar om utslepp av drivhusgassar frå vannkraftanlegg er publisert i det siste. NVE presenterer IEA-rapporten "Hydropower and the Environment", som ligg føre i samandrag på heimesida til NVE: <http://www.nve.no/>. Rapporten konkluderer med at vannkraft har store miljøfordelar. Meir enn nokon andre av dagens energikjelder bidreg vannkraft til å redusere drivhusgassane. Samtidig er det er verdas viktigaste fornybare kjelde for produksjon av elektrisk kraft.

NIVA, Norsk institutt for vannforskning, presenterer ein annan ekspertrapport, utarbeida for World Commission of Dams av to brasilianske forskarar - "Reservoirs and Greenhouse Gas Emissions", som er eit bidrag til sluttrapporten frå WCD. Konklusjonane i denne rapporten avvik delvis frå IEA-rapporten og viser til dels oppsikts-vekkande resultat: "Greenhouse gases (GHGs, methane and/or carbon dioxide) are emitted for decades from all 30 dam reservoirs in the boreal and tropic regions for which measurements have been made. This is in contrast to the widespread assumption (e.g. IPCC scenarios) that such

emissions are zero or negligible." Sjå pressemeldinga på http://www.dams.org/press/pressrelease_54.htm.

Utslepp av drivhusgassar er sterkt avhengig av plasseringa av magasinet. Ein særleg viktig parameter er mengda av biomasse som blir ned-demt: "In boreal climates (like Canada and Scandinavia) available studies so far suggest that emissions from hydropower reservoirs are low. For Brazil, of ten dams studied, emissions vary from dam to dam with a 500-fold difference between lowest and highest. The highest annual gross emissions reach the ranges of thermal energy plants."

Med andre ord er vannkraft ikkje alltid klimavenleg.

Sol og optimisme på børsane

I løpet av sommaren har Dagens Næringsliv hatt ein fyldig serie av artiklar om solenergi. Mellom bedriftene som er presentert i positive ordelag er ABB, BP Amoco, ScanWafer, ScanCell, SolarNor og SunLab.

Børsane i verda har også stor tru på sol- og vindenergi. Hadde du plassert 7000 kroner i sju selskap i Danmark, Tyskland og USA for sju månader sidan, ville du hatt aksjar til ein verdi av 19 248 kroner i dag, skreiv Dagens Næringsliv den 3. juli i år.

ISREE og SunDay 2000 vel gjennomført

ISREE og SunDay 2000 vart gjennomført med eit variert og velfylt program frå 15. til 18. juni. Oppslutninga om arrangementa var god, og responsen frå deltakarane svært bra. Du finn ein foreløpig rapport og billedkavalkade frå arrangementa på: <http://fysikk.hfk.vgs.no/isree.html>

Nytt magasin frå ISES: *RE-focus*

Den internasjonale solenergiforeninga ISES har nettopp utgjeve det første nummeret av eit nytt magasin, *RE-focus*.

RE-focus har grundige artiklar i ny og flott layout. *RE* står for Renewable Energy. Magasinet dekkjer både solenergi og annan berekraftig energiproduksjon og vil kome ut med 6 nummer i året. ISES vil samtidig legge ned det tidlegare magasinet *SunWorld*. *RE-focus* blir distribuert til medlemmar i ISES, men abonnementet kan kjøpast av alle.

<http://www.re-focus.net/>

ISES: Solar Energy Journal Online

A significant change will be implemented with regard to the subscriptions to the Solar Energy Journal (SEJ). The Journal is currently published on paper, but will soon also be available in electronic format on the web as "Solar Energy Online".

Following the ISES Annual General Meeting in Mexico on September 19 this year, subscription rates for the paper version of SEJ will increase from USD 25.00 to USD 45.00. However, a subscription to Solar Energy Online will still cost only USD 25.00. Headquarters would like to encourage all members who have access to the internet to make use of this option if possible. In cooperation with Elsevier publishers, who produce the Journal for ISES, members will have the opportunity to test Solar Energy Online at no cost during the period from August 16 to September 8, 2000.

A special code is required to access the Solar Energy Online website. Your National Section will provide ISES HQ with all e-mail addresses to ISES members. If you have given your e-mail address your National section you should receive the necessary information and passwords to access Solar Energy Online.

If you have not received this information, please forward your correct e-mail address to your national section as soon as possible

Redusert støtte til Norsk solenergiforening

NVE har fått reduserte bevilgningar til fornybar energi og enøk frå statsbudsjettet. Norsk solenergi-forening beklager dette på det sterkaste, noko vi også har uttrykt over for den politiske leiinga i Olje- og energidepartementet. Som ein konsekvens av dette vil Norsk solenergiforening og andre bransjeforeningar få reduserte driftsstøtte for inneværande år.

"Norsk solenergiforening vil så langt det er mogleg oppretthalde aktivitetsnivået, men vårt engasjement innan informasjon og kunnskapsspreiing vil bli sterkt redusert og forsinkna," seier generalsekretæren.

Nytt telefonnummer til Norsk solenergiforening

Telenor legg ned Alfanummer-tenesta frå 1. september. For å få tak i Norsk solenergiforening på telefon må du no ringe **22 43 61 42** eller **977 08 138**.

Returadresse

Norsk solenergiforening,
c/o Oslo Energi ENØK
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo
Tel.: 22 43 61 42
E-post: solenergi@solenergi.no
Internett: www.solenergi.no

